

---

**Fra:** Arthur Kleiveland  
**Sendt:** 10. mai 2017 10:34  
**Til:** Anne Dahle Austrheim  
**Emne:** VS: Hovedutval plan, landbruk og teknisk - Møte10.5.2017  
**Vedlegg:** MerknadNabovarselDelingGnr99Bnr15.pdf

Hei Anne

Denne eposten frå Ståle Rossgård er sendt til medlemmane i hovudutvalet og Tonje.

Mvh Arthur

---

**Frå:** Ståle Rossgård <[stale.rossgard@gmail.com](mailto:stale.rossgard@gmail.com)>  
**Sendt:** 7. mai 2017 19:11  
**Til:** Arthur Kleiveland  
**Emne:** Hovedutval plan, landbruk og teknisk - Møte10.5.2017

Radøy kommune  
ved utvalssektetær HPLT Arthur Kleiveland

### **Delingssak gnr 99/bnr 15 Ystebø.**

Ser av sakspapira til møtet den 10.5. at nabomerknaden min ikkje er lagt ved saka. Klagen fylgjer derfor vedlagt denne e-posten, og eg har markert særskilt viktig punkt med gul farge.

Eg ber såleis om at merknaden i si heile, inklusive denne e-posten, vert lagt ved saka til møtet den 10.5.2017.

Vidare ser eg at det i sakspapira står at det er nabomerknad frå gnr. 99 bnr. 11 og 12. Her vil eg gjer merksam på at merknaden også gjeld bnr. 13.  
Dette er viktig då bilvegen gjennom bustadområdet på Ystebørenen (som 99/15 har prøvd å ta i bruk), for det meste ligg ligg på bnr. 13 (resten ligg på bnr 11).

Som døme på kvifor nettopp vegspørsmålet er svært viktig, vil eg nevne at Radøy kommune for nokre år sidan gav gnr 99/bnr 135 lov til å byggja naust nummer to på fritidseigedomen (ref. PLT-053/11). Dette til tross for nabomerknader om at det verken var veg eller vegrett til naustet over mine eigedomar (bnr. 11 og 13).  
Det førligg rettskraftig dom på at **kun heimelshavar** har tilkomst over mine eigedomar, men argumentasjonen var mellom anna at dei kunne bruke sjøvegen til naustet og parkere på Sletta kai.

Konsekvensen er - som eg både hadde frykta og gitt uttrykk for - at alle andre enn heimelshavar av 99/135 brukar dette naustet og at dei rettsstridig kjøyrer med bil over eigedomen min.

Sakspapira viser vidare at både Kari Vatsøy og Marc Thomassen er gitt rett til tomt på 99/15 (Alvheim), og blir situasjon på Alvheim slik som for 99/135 (Høyvika), er potensialet no 3 familiar med slekt og vener

Elles vil det bli interessant å sjå om denne saka vil skape presedens for at heimelshavarar kan omgå norsk lov (delingsforbodet) berre ved først å tinglyse servituttar i eigedomar som ligg i strandsona.

mvh Ståle Rossgård  
heimelshavar gnr. 99, bnr 11, 12 og 13